

Fra: Tore Johan Erstad
Sendt: onsdag 16. august 2023 11:20
Til: e-edv@online.no
Emne: Svar på søknad om fri kalveskyting - Edvardsdal-Elvik Hjortevald

Hei, Eirik Edvardsdal

Eg viser til din e-post sendt 18. juli 23 der det (mellom anna) er søkt om fri kalveskyting for jaktvaldet Edvardsdal-Elvik. Osterøy kommune stadfester med dette at det vert gitt løyve til fri kalveskyting som omsøkt.

Sjå vedlagd link med informasjon frå Miljødirektoratet:

[Kvotefri jakt på hjortekalv - Hjorteviltportalen](#)

Søknaden er vurdert med grunnlag i følgjande alternative kriterium:

1. Søknaden gjeld vald med godkjent bestandsplan.
2. I jordbruksområde med interesse- og arealbrukskonfliktar av monaleg omfang (beiteskadar).
3. Der omsynet til trafikktryggleik gjer seg gjeldande.
4. I område med høg førekomst (tettheit) av hjort.

Søknaden er grunngeve med at valdet stettar vilkåra i punkt 2, og vert godkjent med grunnlag i dette.

Kommunen presiserer at tilbodet om fri kalveskyting ikkje i seg sjølv inneber at tildelinga av ordinære løyver er endra. Det er difor ikkje høve til å auke avskyting av andre dyr som følgje av dette tilbodet.

Når det gjeld oppmodinga om at «kalvar tildelte på løyve vert endra til vaksne dyr» og «ekstra dyr», vil kommunen vurdere desse tema gjennom eige vedtak. Eg oppfattar at dette gjeld Edvardsdal-Elvik Hjortevald, ta kontakt dersom dette ikkje stemmer.

Beste helsing

Tore Johan Erstad

Leiar, Teknisk forvaltning og plan



OSTERØY
KOMMUNE



40 28 65 56

osteroy.kommune.no

*Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse;
All korrespondanse vert vurdert for journalføring.*